



## Klepp ungdomsskule - Tiltaksplan for trygt og godt skolemiljø

Oppdatert hausten 2017

### Klepp ungdomsskule, målet med denne planen:

- Sørge for oppfylling av hensikt i Opplæringslova kap 9, at elevane på skulen skal ha eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Førebyggja, oppdaga og stansa mobbing, plaging og anna krenkande atferd på skule og skuleveg.

### Tiltaksplanen innhald

A. Oppfølging enkeltsaker – aktivitetsplikt	side 1
B. Systematisk arbeid på skulen	side 3
C. Tips og råd i samtaler	side 5
D. Alvorlege tilfelle	side 7
E. Opplæringslova §9 - utdrag	side 8

### A. Oppfølging enkeltsaker - aktivitetsplikt (denne følgjer punkta som er brukt i Jærskulen)

Skulen si plikt overfor elev og skolemiljø:

1. Følgje med
2. Grip inn
3. Varsle
4. Undersøke saka
5. Lage ein plan for kva som skal gjerast
6. Dokumentere kva som er gjort

1. **Følgje med:** Alle vaksne på skulen har eit ansvar for å følgje med på at elevane har det bra på skulen. Grip heller inn ein gong for ofte. Det gir signal om at vaksne ser og følgjer med.
2. **Grip inn** og spør når:
  - Når elevar ber vaksne om hjelp
  - Der det er brot på skulen sine reglar
  - Når det ser ut som om nokon har det vondt, blir utestengd, går åleine
  - Når samtale/handlinga stansar opp når ein voksen kjem
  - Leikeslåssing: Er dette greitt?
3. **Varsle** kontaktlærar og sosiallærar på trinnet når du trur at dette er noko som bør undersøkast nærmare. Bli einige om kven som tar saka vidare.
4. **Undersøke:** Viss du saman med kontaktlærar og/eller sosiallærar blir einige om at saka må undersøkast vidare, avklar kven som gjer dette og når. Ved varsle om plaging og mobbing skal dette gjerast så fort som råd, helst same dag.

5. **Lage plan:** Om det etter første samtale viser seg at saka har eit omfang som krev systematisk oppfølging, skal ein notere ned ein plan for dette (skjema O365). Skal vere skriftleg. Deretter skal trinnleiar og rektor varslast. Noter i skjema når det er møter/utvikling i saka. Viktig at det står kva som er neste møte/samtale og kven som har ansvar for det.
6. **Dokumentere:** Vi skriv først inn i samleskjema for trinnet. Dette gjeld alle saker, også dei som omhandlar enkeltepisodar. Når det er større saker og desse går over fleire veker, skal eigne skjema nyttast. Desse skjema skal lagrast på rett plass i O365. Når saka er avslutta, eller på slutten av kvart skuleår, skal desse leverast kontoret for scanning i ESA

**B. Systematisk arbeid på skulen – korleis arbeider Klepp u. med å skape eit godt og trygt læringsmiljø og avdekke mistrivsle og plaging/mobbing**

Stilling	Ansvar
Rektor	Overordna ansvar og skal sjå til at lover og reglar blir haldne. Opplæringslova §9a.
Kontaktlærar	Utvikla og oppretthalde eit godt klassemiljø i samarbeid med faglærarane. Følgja opp enkeltelevar/saker. Informera og involvere heimen. Ha trivsel som fast tema på elevsamtalar/utviklingssamtalar. Informera rektor og sosiallærarar.
Admin.gruppe (leiarar og sosiallærarar)	Møte kvar 14.dag: Diskutere elevsaker som kjem under denne tiltaksplanen, fordele ansvar og halde alle oppdatert i elevsakene.
Trinnmøte	Møte kvar veke: Informere om elevsaker på trinnet. Fokus på klassemiljø og diskutere generelle og spesielle tiltak ved behov.
Sosiallærar	Gjennomføra Trivselslogg (læringsbrett Socrative) i samarbeid med kontaktlærarane to gonger pr. år. Laga oversikt og følgja opp.
Helsesøster	Gjennomføra samtalar med alle elevar på 8. trinn, samt dei elevane som treng det. Trefttider skal vera tilgjengelege på basane.
Elevar	Gje melding til ein vaksen ved mistanke om plaging/mobbing. Hjelpa elevar som blir mobba. Vera aktive i å utvikla eit godt klassemiljø.
Foreldre	Melda frå til skulen ved mistanke om plaging/mobbing av eige eller andres barn. Snakka med eigne barn om mobbing og ta avstand frå mobbing. Visa engasjement for utvikling av eit godt klassemiljø.
Elevråd	Haust og vår diskutera kva dei kan gjera for at alle skal kjenne seg inkludert og ingen skal bli mobba. Foreslå tiltak for trinn/skule. Vera aktive i å utvikla eit godt skolemiljø.

**Trivselslogg (1 g haust og 1 g vår)**

Gjennomførast etter oppsett plan og følgjast opp:

- Kontaktlærar sørger for gjennomføring i klasse - Socrative
- Sosiallærar går gjennom logg og sørger for at kontaktlærar tar opp sakene med elevar som melder om noko
- Sosiallærar oppsummerer på trinna og for rektor på admin-møte
- Resultat blir presentert for personalet (anonymt, kun tal saker, alvorsgrad og oppfølging).

**Psykisk helse**

Eigen plan for arbeid med psykisk helse. Dette er fast på planen veka før jul, men blir i tillegg brukt ved behov i klassane. Helsesøstre, sosiallærarar og kontaktlærarar er involverte.

**Matpause – kantine**

Det er viktig med skikkeleg mat iløpet av skuledagen. Vi oppmodar til å ta med nistepakke, men skulen har også ei kantine. Kantine har enkel og sunn mat, og graut eller anna varmt måltid ein gong i veka. Elevar er med som hjelparar i kantina. Kantine blir ein positiv møteplass i skulekvardagen, men skulen er også klar over at det kan skape eit kjøpepress.

Elevane et på eigne klasserom, og får om lag 20-25 min matpause. Dei skal sitte i rommet under matpausen, slik at ein får ro rundt denne situasjonen.

#### **Andre førebyggjande tiltak**

Kva	Korleis	Ansvar
Foreldremøte	Trygt og godt skolemiljø er på agenda på foreldremøta haust. Korleis vere med å byggja klassemiljø. Korleis kan føresette hindre nettmobbing.	Kontaktlærar i lag med klassekontaktane
Elevråd	Diskutera og samtale om trivsel, tryggleik og mobbing. Føreslå tiltak til auka trivsel.	Kontaktlærar elevråd
Elevsamtalar	Individuell samtale 2 gonger pr. år der trivsel og tryggleik på skulen er med – for den einskilde eleven og kva han/ho meiner om dei andre.	Kontaktlærar
Utviklingssamtale	Trivsel og tryggleik på skulen er med.	Kontaktlærar
Konfliktløysing	Konfliktar skal løysast på så lågt plan som mogeleg og så fort ein kan.	Kontaktlærar/faglærar
Tiltak for å auka trivselen	Sosiale arrangement på klasse/trinn/skulenivå. På alle trinn: Eigne elevkveldar tidleg om hausten. Elev/foreldrekveld i november. Trivselselevar i friminutt.	Klassekontaktar og FAU. Kontaktlærarar og trinnleiarar.

### C. Tips og råd i samtalar med elevar

#### Samtale med elev det er mistanke plaging/mobbing

Dette er ein samtale med ein person som har blitt krenka – trø varsamt.

**Når?** Så snart som råd

**Kor?** Skjerma rom utan innsyn

**Kven?** Kontaktlærar (og lærar som var i situasjonen)

- Ver diskret når eleven blir henta til samtale
- Unngå at samtalen blir lagt på eit tidspunkt der eleven har ein aktivitet som ho/han liker godt.
- Forklar kva hensikten er: å hjelpe slik at eleven skal få det betre, å avdekke plaging/mobbinga og få denne til å opphøyre
- Fortel kva du veit så langt og få eleven til å forelja kva ho/han har opplevd
- Orienter om vidare arbeid, kontakt med heimen, samtale med mobbaren
- Fortel kva skulen vil gjera for å få slutt på mobbinga (skal ikkje gjenta seg og ingen får hemna seg).
- Forsikra deg om at ho/han som blir mobba vil fortelja dersom det gjentek seg.

Avtala oppfølgingsmøte om ei veke.

#### Den konfronterande samtalen

Dette er samtalen med ho/han som har mobba. Dette er også vår elev og treng hjelp til å slutta.

**Når?** Så snart som råd

**Kor?** Skjerma rom utan innsyn

**Kven?** Kontaktlærar og helst den vaksne som var i situasjonen eller ein annan vaksen.

Innhald i samtalen:

- Set rammene
- Legg fram dokumentasjon og indisier – ingen diskusjon
- Konfronter direkte med det som har skjedd
- Krev stans av åtferd
- Skisser vidare arbeid – konsekvensar, informasjon til heimen, opptrapplingsplan, eleven blir overvaka, alle dei andre vaksne på trinn/skulen vil få melding
- Sjekk at eleven har forstått
- Avtal ny tid til samtale – ei veke etterpå.

Tiltak	Innhald	Ansvar	Tid
Den konfronterande samtalen: Individuell samtale med ho/han som har mobba. Dersom det er fleire involvert, bruk fleire vaksne. Det må skje på same tida slik at dei ikkje får snakka saman.	Konfrontera med alvoret i situasjonen. (Nå veit eg...., Kva er din versjon....) Læraren snakkar med roleg stemme og forklarer at han vil skriva opp det som skjedde. Ikkje diskuter med eleven.  Ta klart avstand frå handlingane og forsøk å få eleven til å gjera det same. Førespeil (kva skjer når du går ut herfrå?) Ny samtale om ei veke. Gje	Kontaktlærar og sosiallærar	Med ein gong mobbing er avdekkta.

	melding om vidare tiltak som kan skje.		
Varsling	<p>Telefon heim til eleven som har blitt mobba. Forklar korleis skulen prøver å løysa saka. Telefon til dei som har mobba. Forklar kva skulen har gjort og vil gjera framover. Informera rektor om kva som er gjort</p>	Kontaktlærar Kontaktlærar Kontaktlærar	Med ein gong mobbinga er avdekkta.
Gruppesamtale (dersom fleire står bak mobbinga)	<p>Informasjon (kva kom fram i dei ind. samtalane?) Koma fram til ei løysing – positiv vilje til å gjera noko. Oppfølging om ei veke (kan halda fram ei tid framover)</p>	Kontaktlærar og sosiallærar	Så snart dei ind. samtalane er ferdige. Ikke vent!
Kontakt med heimen	Møte på skulen dersom mobbinga held fram etter 2. samtalen for å avtala vidare sanksjonar	Kontaktlærar og sosiallærar	Om nødvendig
Sanksjonar etter avtale med heimen	Sitja inne i friminuttet på eigna stad (t.d. i adm.) Sanksjonar heime	Kontaktlærar og rektor	Om nødvendig
Sanksjonar frå skulen	Byta klasse Byta skule	Adm. Kommunalsjef	Om nødvendig

## D. Alvorlege tilfelle

### **Mobbing med dramatiske innslag – krisesituasjonar**

Dersom det skjer mobbing med dramatiske innslag er det viktig å handla raskt. Dette vil vera når ein elev vert utsett for fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad.

Skulen vil trenga hjelp frå andre faginstansar.

- Den vaksne må gripa inn umiddelbart for å stansa handlinga.
- Få elevar til å henta hjelp hos andre vaksne. Be dei gå på nærmeste base og til administrasjonen.
- Rektor må informerast umiddelbart, og rektor tek kontakt med politi/hjelpeapparat.
- Rektor kontaktar foreldra til han/ho som blir utsett for mobbinga.
- Rektor kontaktar foreldra til elev(ar) som har vore med på handlinga.

### **Vaksne som mobbar elevar**

er heilt uakseptabelt. Skulen må stoppa det.

- Elev eller foreldre må straks seia i frå til adm. dersom dei meiner eleven er utsett for mobbing.
- Kontaktlærar har plikt å melda frå til rektor dersom ho/han får kjennskap til mobbing.
- Rektor handterer saka etter gjeldande reglar.

## **E. Endring i Opplæringslova kap 9 gjeldande f.o.m 010817**

### **§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### **§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

### **§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø**

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.